



Arkivnr: 2018/8138-5

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Fylkesrådmannen orienterer om tiltak som er sett i verk i høve årsrapport 2017 frå varslingsutvalet

#### Bakgrunn for saka:

I samband med handsaming av referatsak 25/18 i møte i kontrollutvalet 04.06.2018 vart dette protokollert:

#### «RS 25/18 Årsrapport Varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune 2017

Kontrollutvalet har merka seg «andre merknader» frå årsrapport 2017 for Varslingsutvalet i Hordaland fylkeskommune. Her framkjem opplysning om kritikk mot HFK sitt interne system for kvalitetssikring, ved at leiarar ikkje tek tak i avvik som vert meldt og ved manglande attendemelding til dei som registrerer avvik.

Kontrollutvalet føreset at kritikkverdige forhold vert retta opp, og inviterer fylkesrådmannen til kontrollutvalet sitt møte i september for å informera om kva som er / vert gjort med dette.

#### Vedtak

#### RS 25/18 Årsrapport Varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune 2017

Kontrollutvalet føreset at kritikkverdige forhold vert retta opp, og inviterer fylkesrådmannen til kontrollutvalet sitt møte i september for å informera om kva som er / vert gjort med dette.»

Årsrapport varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune 2017 ligg ved.

#### Drøfting:

Det er gjort avtale om at fylkesrådmannen kjem i dette møtet for å orientere om kva som er gjort for å retta opp dei kritikkverdige forholda som kom fram i årsrapporten.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i fylkesrådmannen si orientering vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til ein konklusjon i saka. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Årsrapport Varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune 2017